

Haggisen heidra på Fedje



GOD STEMNING: Britt Gunn Tangen, Vidar Bråten og Terje Stormark kosar seg på skotsk aften i Pernillekafeen (Foto: Martin Hatlem).

Haggis har vorte både heidra og fortært på Fedje, til tonar frå skotske sekkepiper.

Av Hans E. Storheim og Trond Ågotnes
hans.egil@strilen.no

– Ei fantastisk oppleving, oppsummerer fire gjestar frå Bergen Scottish Society og Bergen Pipes and Drums etter ei helg på Fedje. James Hosea, Colin Gordon, Roger Fulton og sjølvaste pipemajor Thomas De Ridder er klar i sin tale: Dei fekk ei strålende helg på Fedje, der Pernillekafeen stod for opplegget og fekk med nær 40 fedjingar på skotsk aften laurdag kveld.

Kafeeigarane Lene og Trond Ågotnes er svært godt nøgde med kvelden, som sette fokus på dei nære banda mellom Vestlandet og Skottland. Gjestane frå Bergen hadde med seg sekkepiper og trommer for å framføra kjente skotske og norske songar.

Omvising og festmat

På Fedje kunne skottane få omvising av Macdonald Ratcliffe, inn-




INNVAÐRAREN: Innvandra skotte til Fedje, Macdonald Ratcliffe held velkomsttale. (Foto: Martin Hatlem).

vandra skotte som bur på Fedje på tiande året, saman med kona Tone H. Ratcliffe, som er oppvaksen på Fedje.

Gjestane frå Bergen fekk sjå utsikta frå både Hellisøy Fyr og frå Fedje Trafikksentral, og Thomas De Ridder tok liksom godt fram sekkepipa inne på Fedje Handel og framførte ein spontankonsert til applaus frå dei handlande.

Om kvelden fekk gjestane på Pernillekafeen høyra kjente songar framført på sekkepiper og trommer, før kveldens rett vart servert: Haggis, skottlands nasjonalrett. Men gjestane fekk ikkje maten på bordet før James Hosea hadde framført ein ode til haggi-



HEIDRA HAGGISEN: James Hosea frå Bergen Scottish Society framfører ein ode til Haggisen

(Foto: Martin Hatlem).

sen, eit dikt av skottlands nasjonaldiktar Robert Burns.

Kunne senka skuldrene

– Haggisen har eit ufortent dårleg rykte, og me var spente på mottakinga, seier kokk Lene Ågotnes. Ho meiner at dette er ein rett fullt på høgde med både pinnekjøtt og andre tradisjonelle norske rettar. Men etter at maten var servert kunne kokken senka skuldrene. Frå lokalet kom det berre godord om maten, folk var rett og slett svært positivt overraska.

Vikingar og krigar

Etter middag fekk gjestane djupare innsikt i forholdet mellom Noreg og Skottland. Då tok James Hosea frå Bergen Scottish Society dei med på ei reise gjennom fleire hundre år med vikingar, krigar, Pillarguri og Slaget ved Kringen, The Battle of Largs, forsoning og ikkje minst det spesielle som skjedde under andre verdskrigen, med både shetlandsfarten og dei mange treningsleirane som nordmenn brukte i Skottland under krigen.

Og faktum var og at akkurat denne laurdagen vaia det norske flagget på House Of Norway i byen Dumfries på vestkysten av Skottland. I 2010 er det nemleg 70 år sidan den norske hæren etablerte seg i eksil i denne byen.

Full av lovord

Terje Stormark synes at heile arrangementet bar preg av høgkultur



UNDERHALDNING: Frå venstre; Colin Gordon, James Hosea, Roger Fulton og Thomas De Ridder (Foto: Trond Ågotnes).

og er full av lovord om både historiar, mat og ikkje minst musikk.

– Eg vil berømme Pernillekafeen for tiltaket ein mørk kveld i november, seier Stormark.

Hugo og Marit Pettersen som bur i Bergen, men har hus på Fedje er av same oppfatning: Kjempekoseleg, intimt og god kultur. Dei var nok litt skeptiske til maten som vart servert, men etter middag kunne dei konstatere at Haggis var utruleg god mat.

Vidar Bråten og kona Britt Gunn er også full av lovord og gler seg alt til neste års arrangement.

Spesielt for Marjory

Ein spesiell kveld var det også for Marjory Stormark som opp-

rinneleg kjem frå Orkenøyane, men som no er busett på Fedje og gift med Geirmund Stormark. Ho synest at heile ramma rundt arrangementet var perfekt og at det var ei hjarterørande oppleving for ho å kunna vera med på dette på Fedje.

– Haggisen som vart servert, var den beste eg hadde smakt, seier ho. Kvelden vart avslutta med at Pipemajor Thomas De Ridder spelte songen Auld Lang Syne til stor jubel frå gjestane.

Kafevertane kan konstatere at dette vert tradisjon på Fedje og gler seg alt til neste års arrangement. Dei vil og takka alle gode fedjingar, Bergen Scottish Society, Bergen Pipes and Drums og alle andre som var med og gjorde kvelden til det den vart.

Eigedomar for salg hos
Eiendomsmegler Vest

www.emvest.no

Sjå Strilen laurdag!

SELJE BUSTAD? RING OSS I DAG PÅ 56 34 28 78

EiendomsmeglerVest